



Lust og luftig og med godt miljø for dyra, skriv Tore Eik om sauefjøsset

Seinhaustes fullførte Olav Hjetland Bringedal det moderne sauefjøsset sitt på Myklebust og no har saksbehandlar og jordbrukssjef Tore Eik vore på synfaring og gjeve fjøsset ein svært positiv attest.

Han slår fast at heile anlegget er ferdig både utvendig og innvendig og formulerar seg slik:

'Alt teknisk utstyr er på plass og huset er i full drift. Huset er lyst og luftig med godt miljø for dyra, og det er ein svært god arbeidsplass for dei som skal ha det daglege tilsynet'

Hjetland Bringedal har investert 3 millionar kroner i det nye fjøsset som kan ha plass for 240 dyr.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen